



## Rapport frå arbeidet i CEN/TC164/WG9 – Kjemikalie til handsaming av drikkevatn

Av Karl-Jan Erstad, Rådgivande Agronomar AS

### Introduksjon

Arbeidsgruppa 9 (WG9) Vassverks-kjemikalie hadde sitt 50. møte 13. mai 2020 hos AFNOR i Paris, Det franske standardiseringsforbundet, som også er sekretariat. Det føregjekk på Web-plattforma Zoom. Kvaliteten på Web-møte er generelt litt oppskrytt: Vi måtte skru av video-kamera, og deretter mikrofonane med mindre vi skulle kommentere ei sak (av/på-funksjon). Breidda i drøftingane og den dynamikken som det er å treffast og kommunisere over bordet vert av ein annan karakter. Internettkapasiteten var sprengd, og det er ikkje første gongen desse vekene. Heile 24 ekspertar frå 11 land, Frankrike med flest ekspertar, deretter Tyskland, Austerrike, Nederland, Belgia, Storbritannia, Spania, Portugal, Finland, Sverige og Noreg, stilte opp på møtet.

TG7 (Skaldannings- og korrosjons-hindrar) har fått Mr. Braun (D) som etterfølgar for Mr. Elimarango (D) med så kort funksjonstid som eitt år – men var ikkje til stades denne gongen. Vidare hadde Mrs. Carinne Mangeruca (F) i fjor tatt over for Mr. Xavier Darok (F) i TG11 (Kjemikalie for symjebasseng), men var no igjen avløyst av Mr. Laurent Azam (F). Mr. Xavier Darok vart i vinter påtroppende leiar for sjølv WG9 og i TG6 etter Mr. Bernard Leroy (F), som gjekk i pensjon.

Ikkje alle leiarane av dei aktive oppdragsgruppene var til stades, men likevel TG2, vidare TG6, TG8, TG9 og TG11. TG4 og TG12 er utan leiar. For TG5 var både leiar og sekretær frå-verande, men Dr. Karl-Jan Erstad (N) og Mr. Uwe Fischer (D) tok føre seg sakane på kalkprodukt og CO<sub>2</sub>.

### Nye CEN-reglar: Fleksibel standardutviklingsprosess

Det vert større ansvar på TC-nivået for framdrift i standardiseringa, framføre styringa gjennom BT i CEN (Teknisk styre i Brussel), og omfanget vert avgjort for kvart arbeidstema.

Sjølvé standardskrivinga får eit intervall på heile 1-62 veker, mens handtering av kommentarar frå høyring vert 6-68 veker. Så det kan både gå raskt når arbeidet er enkelt, og det er sett av tid når framdrifta vert komplisert.

Sitat (referanse) til Vedlegg skal flyttast frå innleiande kapittel Føremål til den øvrige hovudteksten i standarden.

### Al- og Fe-salt til flokkulering

Den finske leiarskapen har sett opp eit nytt arbeidsprogram med 5 aktive tema, revisjon av standardane EN 888, EN 889, EN 890, EN 891 og EN 14664. Eit par av tema er litt utanfor

spisskompetansen til dagens fagpersonar, og nye ekspertar er inviterte.

## NaCl til innbyting og elektro-klorering ved membranteknikk

Denne oppdragsgruppa har 2 aktive tema på NaCl, revisjon av EN 16370 og EN 14805, begge for elektroklorinering på staden, den første ved bruk av membranceller.

## Svovel-, fosfor- og ammoniumsambindingar

Det har sidan siste møte vore fremja spørsmål til medlemslanda med ønske om å fjerne EN 12173 Natriumfluorid og EN 12386 Koparsulfat. Noreg har gjennom tiår med rein forvaltningspraksis hatt forbod mot desse, mens Tyskland som alt har nasjonalt forbod (legalt), grunngitt etter eige HMT-regelverk, påpeikte at det finst alternative kjemikalie for bruksområda og meir skånsam bruk enn å tilføre dei til sjølve drikkevatnet (fluorid). Det var eit visst ønske om tilbaketrekking av desse også frå WG9 si side, men minst 5 land vil framleis bruke dei 2 kjemikalia, og kriterium for europeisk standard er framleis oppfylt.

## Kalkprodukt og CO<sub>2</sub>

Dr. Karl-Jan Erstad (N) gjorde greie for resultat av møtet hos Lhoist Rheinkalk i Wülfrath 26. november 2019.

EN 1018 Kalsiumkarbonat er ferdig revidert, med jamstelling av porøst og ikkje-porøst materiale m.o.t. reinleik av karbonat. Vidare er rettingsdokument A1 (*Corrigendum*) inkorporert i hovuddokumentet til ein konsolidert standard og sendt på Teknisk høyring.

Systematisk revisjon av EN 1017 Halvbrent dolomitt skulle programmatisk verte gjennomført i 2019. Til likes med EN 1018 vert denne gjort til ein konsolidert standard, ved innarbeiding av tidlegare rettingsdokument A1. Han skal på slutten av 2020 på Teknisk høyring, etter utsetting av temaet på siste møtet i TG5.

EN 12518 Kalsinert kalk har vore på Teknisk høyring for systematisk gjennomgang inntil 3. mars 2020. 15 land røysta for forlenging, 10 var avståande, mens Sverige ville ha høgre krav til

CaO-innhald, mindre uløyseleg rest, og skjerpa krav til Cd, Cr og Pb. TG5 må vurdere dette ved neste møte 21. oktober, men det kan vere å invitere til omkamp etter eit 20 år gammalt kompromiss innan kalkindustrien. Kalkråstoffet til industrien omkring i Europa har ikkje endra seg.

EN 16409 Brentdolomitt hadde vore handert og fremja frå TG5 til WG9-sekretariatet etter høyringa fram til 4. juni 2019, men sekretariatet meinte at merknaden frå Storbritannia ikkje var godt nok svart på (fare for blanding av inkompatible kjemikalie ved mangelfull merking). WG9 bad no om at TG5 måtte få avklart dette ved eit Web-møte innan 1 månad.

prEN 936 Karbondioksid hadde også vore på Teknisk høyring (*CEN enquiry*) etter revisjon inntil 4. juni 2019. Denne skulle no vere i prosess for Formell røysting (Formal Vote) etter siste TG5-møte.

## Desinfeksjonsmiddel

For EN 938/prA1 Natriumkloritt var det oppmoding om full revisjon. Det er tidlegare presisert at det skal vere betre merking av krav til lagring (kjølelager) og tydeleg påskrift for haldbarleksdato. Bruk av produkt utover denne datoен må vurderast i samsvar med ny passus i Informativ Anneks (risikoanalyse, måling av reinleik for aktiv substans).

EN 901 Na-hypokloritt har krav om maks. 5,4% NaClO<sub>4</sub>. Dette kravet må følgast opp nøyare ved bruk av kjemikaliet, og ved presisering gjennom metodikk ved revisjon. Det tyske forvaltningsinstituttet DVGW i Bonn har gjennomført ei utgreiing vedrørande avgrensing av dette natriumkloratinnhaldet.

EN 900 Ca-hypokloritt skal gjennomgå full revisjon etter mange tekniske kommentarar.

Det er tysk oppmoding om revisjon av EN 12671:2016 ClO<sub>2</sub> framstilt på staden.

Tysk oppmoding er det også om ein heilt ny standard for sulfaminsyre (H<sub>3</sub>NSO<sub>3</sub>), også kjent som amidosulfonsyre, men TG6 ber om meir opplysningar. Sulfaminsyre er eit kraftig, surtverkande reingjermiddel som vert brukt

mot attgroing og forringing av membranar. 5 land med meldt trøng for standarden må identifiserast, og rundspørjing må gjennomførast.

## **Skaldannings- og korrosjonshindrarar**

EN 15039 Polykarboksylsyrer og -salt og EN 15040 Fosfonsyrer og -salt har stått som førebelse arbeidstema (PWI) i lang tid.

Det må gjennomførast analyse av resultat etter systematisk gjennomgang for EN 15041 Polyfosfat og EN 1197 Monosinkfosfatløysing.

Etter britisk framlegg viste det seg tilstrekkeleg interesse mellom medlemsland for standarisering av sitronsyre for å løyse opp fellingar i membranar ved reinsetrinn og returspyling av membranar. TG7 treng nok assistanse frå andre ekspertar for å sikre framdrift.

## **Organiske hjelpemiddel til koagulering**

Den nye leiren har sett opp eit nytt arbeidsprogram med 5 aktive tema, revisjon av 5 standardar: EN 1405, EN 1407, EN 1408, EN 1409 og EN 1410.

## **Organiske støtte- og filtermateriale**

Svært mange standardar under revisjon har status som førebelse arbeidstema (PWI). Frist for å få desse ut av daudvatnet er mai 2021.

Som det tidlegare er omtalt, er det uro omkring det høge askeinnhaldet i aktivt kol. Aluminium er ein parameter under vurdering (danning av fritt, potensielt farleg aluminat ved pH>8-9) frå aktivert karbon. Løysinga er gjerne ei klar melding frå leverandør til kunde om grundig gjennomvasking av nytt aktivert karbon før bruk i vassverk.

Ved revisjonsarbeidet har ein introdusert referanse til ein amerikansk ASTM-standard. Denne må ein søke å bytte ut mot ein EN- eller ISO-standard.

For EN 12907 Pyrolysert kolmateriale og EN 12909 Antrasitt vil TG9 sende utkast til WG9 for gjennomsyn før ein ber om førebelse arbeidstema (PWI).

Det har vore ytterlegare arbeid med ein standard for glasseng/glasbedd som filtermaterial, og dette arbeidet har fått arbeidstemanummer WI 00164626.

## **Kjemikalie for symjebasseng**

10 standardar står på aksjonsplan for systematisk revisjon, og 8 ventar på analyse etter gjennomført høyringsprosess. Svært mange har fått vidare forlenging for ny 5-årsperiode.

Resultat er ventande etter gjennomført høyring mellom medlemslanda om omfang av bruk og produksjon av kjemikalie for symjebassengvatn.

## **Ionebyttar-resinar, kjelaterte**

Det er stadig problem med å finne ny leiar, og dermed også for oppdragsgruppa å utarbeide aksjonsplan. Standardar for analysemетодikk er mangelfulle, ligg i beste fall berre føre som nasjonale standardar, og gjer at standardiseringsarbeidet for produkt køyrer seg fast.

## **Andre saker**

### **- Standardisering for produksjon av biocid på bruksstaden**

Sidan siste møte er det danna ei ny arbeidsgruppe WG 16 under CEN/TC164: *Framstilling på bruksstaden og dosering av biocid til hand-saming av drikkevatn*, med leiar Mr. Alexander Reuß (D).

Eitt førebels arbeidstema (PWI) er alt meldt inn: Ozon til symjebassengvatn.

### **- Trøng for revisjon av standardar for biocidprodukt**

EU-regulering 528/2012 stadfestar i Art. 95: Dersom biocidproduktet er godkjent av ECHA (Det europeiske kjemikalieberåret), er trøng for revisjon til stades dersom Bibliografi er utdatert.

For øvrig må ein sjekke om fleire av kjemikalia under WG9 har biocidverknad (etter definisjonen i EU-regulering).

### **- Systematisk gjennomgang av standardar for det komande året**

13 standardar står på liste for systematisk gjennomgang og muleg revisjon.

## Neste møte

Neste møte i CEN/TC164/WG9 vert onsdag 12. mai 2021 i Elnesvågen ved Molde – med eitt års utsetting grunna alle reiserestriksjonane dette året.

Møte i TG6 og TG11 vert som vanleg haldne i førekant, tysdag 11. mai.

Møtestad for 2022 vert Lisboa, etter ein ståande invitasjon frå Mrs. Paula A.R. Vieira, NES (Núcleo de Engenharia Sanitária), LNEC, Portugal.